



Multiconsult
Bent Stensaker
Nesttunbrekka 99
5221 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4571 - 15/24835

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
09.07.2015

Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett - gbnr 137/565

Teknisk drift, VVA, har motteke søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett ved gbnr 137/565 per e-post frå byggesak den 02.07.2015.

Vedtak:

Teknisk drift, VVA, har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant mur og kommunalt leidningsnett skal være 2,0m.
- Mur må være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasning av mur ved arbeid på kommunalt leidningsnett.
- Teknisk drift, VVA,fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift, VVA, gjer merksam på at innsendt materiale berre er teke omsyn til siktzone på gbnr 137/566. Tiltaket må også ivareta siktzone på gbnr 137/565. Mur er framleis for høg i siktzone til eigen avkjørsle. I siktsoner skal ein ikkje ha sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegrivå. Vegavdelinga vil gje ei uttale på dette når byggesak skal handsame dispensasjon frå regulert byggegrense mot kommunal veg.

Det er med heimel i Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser at Teknisk drift, VVA, skal setje krav til tiltak som vert plassert nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav på 4m. Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser er vedteke av Kommunestyre 23.04.2009.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tor Hegle

Mottakarar:
Multiconsult

Nesttunbrekka 99 5221

NESTTUN